

PROTOKOLL FRÅ EKSTRAORDINÆRT STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

MØTEDATO: 14.02.2024, kl. 08:00-09:00
MØTESTAD: Folkets Hus Stavanger, Stavanger

Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Marit Hermansen	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Arne Johannessen	Medlem
Silje Skaar Sunde	Medlem
Erik M. Hansen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Torfinn Heggland	Medlem <i>(deltok ikkje i sak 011/2024)</i>
Kari Sunde Kvile	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Varamedlem <i>(deltok via Join)</i>
Marita Aarvik	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Arne Skjelten, HR-direktør *(deltok via Join)*
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern *(deltok via Join)*
Helge Robert Midtbø, direktør Drift og eigedom *(deltok via Join)*
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk *(deltok via Join)*
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør *(deltok via Join)*
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef *(deltok via Join)*
Berit Irene Haarklau, referent *(deltok via Join)*

Andre deltakarar

Hilde Christiansen, direktør Helse Vest

SAKSLISTE

Saksnummer	Sakstittel
010/2024	Godkjenning av innkalling og dagsorden, samt spørsmål om habilitet
011/2024	Mellombels omorganisering av avdeling for akuttmedisin, prosess for å greie ut endra organisering og tiltak som kan gi varig endring
Saker til orientering:	
012/2024	Eventuelt

Styreleiar Ole Gunnar Krakhellen ønska styret med nye styremedlemmer og administrasjonen velkommen til dagens ekstraordinære styremøte ved Folkets Hus i Stavanger.

Sak 010/2024 Godkjenning av innkalling og dagsorden, samt spørsmål om habilitet

Styreleiar Krakhellen leia møtet og orienterte om dagsorden.

Spørsmål om habilitet:

Lena Thorsnes og Torfinn Heggland stilte spørsmål om sin habilitet i sak 011/2024.

Styret konkluderte med at Lena Thorsnes er habil ved sak 011/0224. Torfinn Heggland er ikkje habil i sak 011/2024 og deltok ikkje i handsaming av saka.

Varamedlem Ole-Magnus Kapstad blir då innkalla ved handsaming av sak 011/2024.

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

Sak 011/2024 Mellombels omorganisering av avdeling for akuttmedisin, prosess for å greie ut endra organisering og tiltak som kan gi varig endring

Administrerande direktør Varden innleia om saka. Saka vert lagt fram for styret på grunn av saka sin kompleksitet og konfliktnivå. Etter at sakspapira gjekk ut har det vore møte og drøfting med involverte. AD ønsker å iverksette ny organisering snarast. Planen er 19.02.2024.

Styreleiar Krakhellen innleia om saka. Det er ei krevjande tid for deler av Helse Førde.

Saka har vore oppe i FAMU og drøfting med tillitsvalde og verneombod med tilslutning. Det er forankring i organisasjonen.

Styret drøfta saka.

Vedtak (samrøystes):

1. For å sikre at alle tilsette i avdeling for akuttmedisin (AAM) har eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø, og for å ivareta kvalitet og pasienttryggleik, sluttar styret seg til administrerande direktør sitt forslag til mellombels omorganisering av avdeling for akuttmedisin, jf. punkt 6.0 i saksutgreiinga.
2. Styret støtter forslag til prosess for å vurdere framtidig organisering av tenesta som i dag er i AAM, jf. punkt 6.0 i saksutgreiinga.
3. Styret ber administrerande direktør iverksette pkt. 1 i forslag til vedtak snarast mogeleg.
4. Styret ber administrerande direktør halde styret orientert om saka.

Saker til orientering:

Sak 012/2024 Eventuelt

Adm. direktør Varden orienterte om:

- Rekneskap 2023 viser minus 13,4 millionar kroner, som er 33,4 millionar kroner bak budsjett. Rapportering per januar 2024 viser eit resultat på minus 7,4 millionar kroner. Rapporteringa blir sendt til styret.
- Prosess om Tronvik er starta, har møte med tilsette og tillitsvalde om vegen vidare.
- Uønska hending ved Førde sentralsjukehus 10. januar: Vi følger opp tilsette som var involvert, og vi har gjennomgang av hendinga. Det blir orientering til styret i neste styremøte.

LUKKA DEL:

Helseføretakslova §26 a

Styreleiar Krakhellen orienterte om varselsaker.

Ref. Berit Irene Haarklau
14.02.2024

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Marit Hermansen	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Arne Johannessen	Medlem
Silje Skaar Sunde	Medlem
Erik M. Hansen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Torfinn Heggland <i>(deltok ikkje i sak 011/2024 og 012/2024 lukka del)</i>	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Ole-Magnus Kapstad <i>(deltok i sak 011/2024 og 12/2024 lukka del)</i>	Varamedlem